

**Jakt på rådyr på Døslandsido**

20.05.2011

**Det skal opnast for jakt på rådyr og Øvre Feet-Døsland  
Hjortevald ved Halvard Døsland har no søkt kommunen  
om fellingsløyve på valdet.**

**Det var i april forvaltningskomiteeen vedtok å leggja forslaget  
til ny forskrift for denne jakta ut på høyring med 5. mai som frist.  
Fristen for å søkja om fellingsløyve var 15. mai og  
valdet på Døslandsido søkte før fristen**

Viltforvaltninga opplyser at det er registrert rådyr  
over det meste av kommunen og dei siste åra har det  
vorte ein auke av dyr som  
har omkomee tter trafikkskade og dyr som er funne døde.  
Det gjeld 6 dyr begge dei  
to siste åra og dette er om lag ein seksdel av totalt trafikkdrepne dyr.

Det har også kome klager etter beiteskadar i blomebed  
og hagar. og klage om skadar  
på kyrkjegardane på Valen og Husnes.  
Forvaltninga slår fast at rådyr produserer eit jaktbart overskot i deler  
av kommunen.

Minstearealet er sett til 1500 dekar pr. dyr

Av Ola Matti Mathisen